

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Vår ref: 1-15 Høyring - forenkling av utmarksforvaltninga

Skjåk, 05.03.2015

Sak 1-15 Høyring - forenkling av utmarksforvaltninga

Saksutgreiing

Kommunane bør få meir makt i forvaltninga av utmark. Det er forslaget frå ei faggruppe nedsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), Landbruks og matdepartementet (LMD) og Klima- og miljødepartementet (KLD).

Faggruppa sin rapport -

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/rega/rapporter_2014/rapport_faggruppe_utmarksforvaltning_2korr.pdf

Dei foreslår mellom anna:

- Villreinnemnder og verneområdestyrer slås saman til eit utmarksstyre for å få ein meir samordna forvaltning.

Høyringsinstansane er bedt om å svare på fylgjande spørsmål:

1. Vil de foreslåtte tiltakene bidra til forenkling i utmarksforvaltningen?

- Det er vanskeleg å sjå at ei samanslåing av villreinnemnd og verneområdestyrer vil bidra til å gjere forvaltninga enklare. Verneområdestyrene har ansvar innanfor verneområda. Villreinnemndene har oppgåver knytt til villreinforvaltning innanfor heile det biologiske leveområdet til ulike villreinstammar, i dei fleste tilfelle er dette betydeleg større enn verneområda. Det er viktig å sjå forvaltninga av heile villreinområdet samla. Oppsplitting av eit villreinområde i mindre forvaltningseiningar vil vera negativt for å ta vare på villrein. I dei fleste villreinområda ser det i dag ut til at det er eit godt samarbeid mellom villreinnemndene og villreinutvala. Det er ikkje gjeve nokre opplysningar om på kva måte samanslåing av nemnd og verneområdestyre vil gjere forvaltninga enklare. Dersom ein skal endre eit system som fungerer godt bør ein ha grunner til å endre det. Villreinnemndene gjer juridisk bindande vedtak med heimel i hjorteviltforskrifta. Når det gjeld saker som blir handsama etter verneforskriftene er det verneområdestyra som har heimel til å gjere juridisk bindande vedtak. Nemndene blir ofte rådført og gjer vedtak i saker som blir avgjort av verneområdestyra. Slike vedtak frå nemndene er ikkje juridisk bindande og dei fungerer derfor som eit rådgivande forslag til verneområdestyrene for korleis villrein blir påverka av ulike tiltak. Sidan villrein er ein ansvarsart for Noreg er det ekstra viktig med god fagleg vurdering før vedtak blir fatta. Det er derfor hensiktsmessig med vurdering frå to ulike organ på same problemstilling. Til samanlikning vil det i t.d motorferdselsaker og byggesaker i verneområda vere juridisk bindande vedtak fatta både av kommune og verneområdestyre. I slike tilfelle blir det dobbel sakshandsaming som kan verke forvirrande for brukarane. Villreinnemndene sitt arbeid i dag fungerer på ein måte slik det blir foreslege i denne rapporten: Kommunane har

VILLREINNEMNDA FOR OTTADALEN

2

fyrstelinjeansvaret og det er dei som normalt sender saker til villreinnemnda for å få ei villreinfagleg vurdering. Brukarane blir ikkje belasta med fleire søknadsinstansar.

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær